

Informasjon vi treng om redusert evne til arbeid i heimen

Denne informasjonen sender du oss enklast gjennom Mi side, og vi tilrår at du tek i bruk Mi side for å sende oss det vi spør etter. Gjennom Mi side får vi raskare rett informasjon frå deg.

- [Logg inn på Mi side her](#)

Sende oss informasjon utan å bruke Mi side

Om du ikkje har Mi side, eller ikkje ynskjer å bruke Mi side, kan du skrive ned informasjonen vi treng og sende inn til oss.

Her er informasjonen du må sende oss om redusert evne til arbeid i heimen

- Saksnummeret ditt
- Dagens dato
- Namn, e-post og telefon
- Kontonummer
- Om behandlingsskaden har ført til redusert arbeidsinnsats i heimen, til dømes husarbeid, vedlikehald av bustad, hagearbeid og innkjøp
 - a. Skildr kva for oppgåver du ikkje lenger kan gjere etter skaden og kvifor
- Om behandlingsskaden har ført til behov for å leige inn hjelp
 - a. skildr kva slags hjelp og kor ofte
- Om du òg hadde behov for å leige inn hjelp før behandlingsskaden
 - a. skildr kva slags hjelp og kor ofte
- Om du bur åleine eller saman med nokon
- Om du har barn under 18 år
- Om du bur i leilegheit, hus med hage osv.
 - a. fortel oss om storleiken på bustad eller eventuelt tomt
- Om du har teke imot hjelp frå kommunen som følgje av behandlingsskaden
 - a. fortel oss kva slags hjelp og kor ofte du tek imot hjelp
- Om du òg fekk hjelp frå kommunen før behandlingsskaden oppstod
 - a. fortel oss kva slags hjelp og kor ofte du fekk hjelp
- Utfyllande kommentarar

Send inn til oss

Send informasjonen inn til oss gjennom vanleg post eller til Digipostkassa til NPE. Hugs å setje Norsk pasientskadeerstatning som mottakar om du sender inn gjennom Digipost.